Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18 | Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Skudenes.

Emne: Jùletre og jùlehalm. | Bygdelag:

Oppskr. av: | Gard:

(adresse): Lars Tjøstheim | G.nr. | Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Jùletreet er blitt tatt i brùk ikring hundreårsskiftet. Men i min barndom for 40 år sidan, var det ennå berre på jùletrefestar på skùlane at jùletreet blei brùka. Ja, folk kalla sjølve festen for „jùlatre." Borna sa hugsar eg: „Eg skal på jùlatre i morgon."

Her var svart lite nåletre i den tida, og det gjorde nok sitt til at det gjekk heller lang tid før skikken blei vanleg brùka. Og i min barndom var her mange heimar - både heime hos oss og andre - som laga ~~laga~~ seg jùletre, og då var det nok braken eller eineren som dei helst hjelpte seg med. Me song og: „Og vi vil gå rùndt om ein enarebusk." Litt etter kvart har då i dei siste 30-40 åra blitt vanleg i dei fleste heimane at dei brùkar å ha jùletre. Jùletrea har dei for ein del fört her til, men her er og blitt planta såpass, at trea blir helst tatt her og er lette å få tak i. Det er nok helst grana som blir brùka, men til naud brùkar ein fore

5438

Storleiken er nokså skiftande. Titt står det på golvet, men der det er berre vaksne, blir det helst berre brūka eit lite som dei set oppe på eit lite bord.
Eg kjenner ikkje til at her er nokon regel for kor lenge treet skal stå og blir brūka. Det er nå vanleg at treet blir tendt og brūkt fyrst aftan, og seinare i helga brūkar dei det kvar gong dei har gjester.
Songane og salmene me brūka for 40 år sidan, er mykje dei same som nå, men det er sjölvsagt at her er komne nokre nye til, og nokre gamle som har helst gått ut.
Eit par gamle som nå eg höyrer lite til, og som blei mykje brūka er: „Deilig er den himmel blå" og „I denne söde julstid".
Segner eller kjennskap til julehalm er her ikkje.

Fjellheim, 22-1-1951 Vyrdsamt
Lars Tjösheim.

5438

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING